

# Utviklingsplan



**Bore skule**

**2024-2025**

## Innhald

<b>INNHALD</b> .....	<b>2</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
<b>OVERORDNA MÅL</b> .....	<b>4</b>
SEKTORMÅL FOR GRUNNOPPLÆRINGA .....	4
OVERORDNA DEL AV LÆREPLANEN .....	4
<b>KLEPPSKULEN MOT 2028</b> .....	<b>5</b>
KJERNEKOMPONENTAR FOR KLEPPSKULEN.....	5
<i>Den engasjerte eleven</i> .....	5
<i>Læreplanforståing</i> .....	5
<i>Profesjonelle læringsfellesskap</i> .....	5
FELLES SATSINGSOMRÅDE I KLEPPSKULEN .....	5
<i>Oracy</i> .....	5
<i>Digitalisering</i> .....	6
<b>KVEN ER ME PÅ BORE SKULE</b> .....	<b>7</b>
<b>UTVIKLINGSOMRÅDE 2023-2024</b> .....	<b>7</b>
VURDERING AV UTVIKLINGSOMRÅDA .....	7
<b>UTVIKLINGSOMRÅDE 2024-20235</b> .....	<b>7</b>
<b>MÅL OG TILTAK 2024-2025</b> .....	<b>11</b>

## Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgje opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eit godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må arbeide med for å forsterke, forbetre og utvikle. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsarbeidet i Kleppskulen bygger på overordna del av læreplanverket, samfunnsdelen i kommuneplanen, strategiane i Kvalitetsplan for barn og unge og dokumentet Kleppskulen mot 2028.



Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å kome fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde. I siste delen er utviklingsområda knytt til

læringsmiljø og læringsresultat sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

## Overordna mål


### Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

### Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



## Kleppskulen mot 2028

### Kjernekomponentar for Kleppskulen

Det er i medskapings-prosessar utarbeidd tre kjernekomponentar for Kleppskulen fram mot 2028. Desse tre kjernekomponentane er skulane forplikta til å arbeide i tråd med, og Kleppskulen skal rette særskild merksemd mot desse slik at dei ligg til grunn for skulane sin praksis. Dei tre kjernekomponentane og hovudmålsetjingane er beskrivne under her:

#### Den engasjerte eleven

Kjernekomponenten *Den engasjerte eleven* søker å inspirere og motivere elevane til aktiv deltaking og læring. Målet er å utvikle sjølvstendige tenkjarar og problemløysarar som er ivrige etter å utforske, utfordre og bidra konstruktivt til si eiga utdanning. Dette inneber å leggje til rette undervisninga på ein måte som fangar merksemda deira, fremmer kreativ og kritisk tenking, og oppmodar til utforsking. Gjennom denne kjernekomponenten ønskjer ein å utvikle ikkje berre kunnskap, men også ferdigheiter som vil vera relevante og nyttige både i og utanfor klasserommet. Det handlar om å byggje bru mellom interessene til elevane og målet til læreplanen, slik at læringa blir meningsfull og engasjerande. På denne måten bidreg 'Den engasjerte eleven' til å fremje livslang læring og personleg vekst.

#### Læreplanforståing

Hovudmålsetjinga med denne kjernekomponenten er å sikre at lærarar og skuleleiarar har ei djup og heilskapleg forståing av læreplanen vår. Ved å ha ei solid forståing av læreplanen, skal klepplærarane og skuleleiinga betre tilpasse undervisninga for å møte behovet hjå elevane, samtidig som dei sikrar at undervisninga er i tråd med dei overordna nasjonale sektormåla. På denne måten ønskjer me å fremje effektiv læring, engasjement og meistring for alle elevane våre.

#### Profesjonelle læringsfellesskap

Hovudmålsetjinga med kjernekomponenten 'profesjonelle læringsfellesskap' er å skape eit dynamisk og støttande miljø der lærarar kan samarbeide, dele kunnskap og erfaringar, og kontinuerleg forbetre undervisningspraksisen sin. Gjennom regelmessige møte, refleksjon og felles problemløysing, søker desse fellesskapa å fremje fagleg vekst og utvikling blant lærarane og miljøpersonalet. Ved å ha fokus på å leggje til rette for profesjonelle læringsfellesskap vil me styrkje kvaliteten på undervisninga, auke prestasjonane til elevane og skape ein kultur prega av læring, samarbeid og kollektiv ansvarskjensle.

#### Felles satsingsområde i Kleppskulen

Alle skulane har sine satsingsområde som bygger opp under kjernekomponentane til Kleppskulen. I tillegg er det to satsingsområde som er felles fram mot 2028

#### Oracy

Hovudmålsetjinga med satsingsområdet oracy i skulen er å styrkje munnlege ferdigheiter blant elevar og vaksne. Gjennom systematisk trening i munnleg kommunikasjon, og dessutan bevisstgjerig rundt tale, lytting og samtaleferdigheiter, søker ein å fremje evna


elevane har til å uttrykkje seg klart, samanhengande og med overbevisning. Dette inkluderer også å utvikle empati og respekt for synspunkta til andre gjennom konstruktiv dialog. Alle våre tilsette skal ha kompetanse på korleis munnlege ferdigheiter både kan lære elevane å kommunisere og korleis dei kan lære gjennom å kommunisere. To aspekt av munnlege ferdigheiter.

Oracy- satsinga har derfor som mål å ruste elevar for effektiv kommunikasjon i ulike situasjonar, både i skulesamanheng og seinare i livet, og dermed bidra til den personlege og faglege utviklinga deira.

### Digitalisering

Hovudmålsetjinga med satsinga på digitalisering i skulen er å integrere moderne teknologi som eit effektivt verktøy for læring og undervisning. Gjennom å implementere digitale ressursar, verktøy og pedagogiske metodar søker ein å auke den digitale kompetansen til elevane, fremje kreativitet og innovasjon, og dessutan førebu dei på den stadig meir digitaliserte arbeidsverda.

Vidare ønskjer ein å skape eit inkluderande læringsmiljø der teknologi blir brukt til å tilpasse undervisninga etter individuelle behov og styrkje engasjementet og motivasjonen til elevane. På denne måten siktar satsinga på digitalisering mot å rusta elevar for framtida og fremje læringseffektiviteten i skulen.



*Modellen viser korleis alt heng saman med alt i Kleppskulen sitt arbeid for å oppnå kvalitet i opplæringa*

## Kven er me på Bore skule

### Utviklingsområde 2023-2024

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2023-2024:

- **«Korleis skal me planleggje for undervisning som skapar trivsel og motiverer for læring hjå elevane?»**

**Hovudmål:** Alle elevar på Bore skule skal oppleve trivsel og motivasjon for læring.

Skulen arbeider for den engasjerte eleven.

**Delmål/ resultatmål:**

- Det er god arbeidsro i klassen, fordi den vaksne er tydeleg og varm.
- Alle snakkar fint til kvarandre, og stygge ord blir ikkje brukt.
- Elevane trivst dersom dei har nokon å vera saman med.
- Alle vaksne tek elevane på alvor, og elevane får tilstrekkeleg med hjelp.
- Elevane trivst og blir motiverte når undervisninga er variert og utfordrande (PRUV).

### Vurdering av utviklingsområda

Den 11. april arrangerte skulen på ny «temakveld» der utvida elevråd, FAU, utviklingsgruppa og sosial- pedagogisk team deltok. Og dette året inviterte skulen den politiske representanten som er medlem i SU, som og var deltakande i prosessen denne kvelden.

### Fokus i år var:

- Skulen sine resultat på Elevundersøkinga når det gjeld mobbing/ utrygt skulemiljø
- Motivasjon for skule

Resultat av prosessen denne kvelden var kjenneteikn på god praksis slik elevane i hovudsak ser det på dei to tema ovanfor.

- **Kva er kjenneteikn på korleis lærarane skal leggje opp undervisninga, slik at elevane blir engasjerte og er munnleg aktive?**
  - Faglege ute- timar der elevane får utforske og bruke fantasien, samstundes som dei får drøfte og finne løysingar/ problem saman.
  - Lærarar legg opp til varierte oppgåver, slik at elevar får vera aktive i timane. Blant anna munnleg aktive.

- I timane skal me lytte til kvarandre, og om nokon seier feil skal ein ikkje le.
- **Kva er kjenneteikn på kva vaksne skal gjer for at elevane skal ha det trygt og godt?**
  - Alle vaksne må vera raske og presis til vaktene ute, spesielt ved mini-ballbingen og skuleplassen ved syklane
  - Vaksne må følgje god med, og ikkje snakke saman i ballbingen.
  - Lærarane må vera synlege og gripe inn. Ta tak i negativ språkbruk.

Ein kom i tillegg fram til eit kart som synleggjer «blinde soner», der elevane kan oppleve at det er utrygt. Dette vart straks delt med alle tilsette, og må evaluerast blant elevane kvart skuleår.

I løpet av skuleåret har det og blitt gjennomført informasjonsøker om PALS- modellen, og ei avstemming i personalet kring om Bore skule igjen skal bli ein PALS- skule; resultat av avstemming, og støtte frå FAU tilseier at Bore skule hausten 24 startar arbeidet med å bli ein PALS- skule. Dette er eitt av to utviklingsområde.

Det andre utviklingsområdet er Oracy, som er eitt av områda i Klepp kommune sin plan mot 2028. Skulen har så vidt starta dette arbeidet våren 2024.

Det pedagogiske personalet har denne våren evaluert tiltaka i utviklingsplan frå 23/ 24 etter følgjande tabell:

Tiltak	<b>Dette fungerer bra</b> Forklar kva du/ de gjer, som gjer at dette fungerer bra. Tiltak vaksne gjer, som gjer det bra for elevane.	<b>Dette må bli betre</b> Korleis skal ein arbeide for å få det til? (formuler som tiltak) Tiltaka skal vera vaksne som aktør, for elevane si læring	<b>Drift eller vidare utvikling?</b>  <b>Er noko av dette aktuelt som tiltak under PALS/ Oracy?</b>
--------	--	--	---

Lærarane evaluerer for fleire tiltak at dei er på veg. Dei kjem og med konkrete forslag til korleis ein skal arbeide for å få dette til, og om dette høyrer til under PALS eller Oracy. Eit vesentleg viktig punkt som kjem fram i evalueringa, er at alle tilsette skal vera lojale og samkøyrde. Dette er viktig i alt arbeid i skulen, og spesielt viktig når ein skal implementere nye modellar.

Tiltak i utviklingsplanen blir difor skrivne med følgjande utgangspunkt:

- Konkrete kjenneteikn på god praksis frå Temakvelden 11.4.24.
- Personalet sine forslag til vidare tiltak under PALS og Oracy
- PALS- modellen sitt teorigrunnlag
- Oracy og Voice 21 sitt teorigrunnlag og standardar for munnlege ferdigheiter.



I utviklingsplanen vil det kome fram kva ein vil arbeide med i skulen sitt utviklingsarbeid skuleåret 2024/ 2025. Dette blir vidare konkretisert og arbeidd med gjennom skulen sine interne planar for pedagogisk utviklingsarbeid og fagutvikling.

Arbeidet med både PALS og Oracy passar godt inn med Klepp kommune sine kjernekomponentar for skulane:

### **Den engasjerte eleven**

Oracy omhandlar elevane sine munnlege ferdigheiter, og arbeidet med å sikre at desse blir ein vanleg del av elevane si utdanning. Munnlege ferdigheiter omhandlar blant anna evna til å artikulere idear, utvikle forståing og engasjere seg med andre gjennom munnleg språk.<sup>1</sup>



### **Læreplanforståing**

Læreplanforståing handlar om å bli kjent med og reflektere over læreplanverket sine ulike delar, og at ein skal bli meir medviten samanhangen mellom desse.<sup>2</sup> I all undervisning er ein forplikta til å ta utgangspunkt i den nasjonale læreplanen. For å sikre dette arbeidet har det blitt bestemt at alle lærarar på Bore skule skal planleggje si undervisning i Utdanningsdirektoratet (Udir) sitt planleggingsverktøy.<sup>3</sup>

### **Lærande profesjonsfellesskap**

Arbeidet med å implementere og utvikle skulen sin praksis med både PALS og Oracy vil skje i skulen sine ulike profesjonsfellesskap. Skulen har faste møter for alle tilsette (fagutvikling for miljøpersonell og profesjonsfagleg læringsfellesskap (PFL)), trinnmøter, PALS- team, workshops, sosialpedagogoisk og spesialpedagogisk team med meir.<sup>4</sup>

---

<sup>1</sup> «Standardene for muntlige ferdigheter, Voice 21»- norsk oversettelse, s. 3

<sup>2</sup> <https://realfagsloyper.no/barnetrinn/kom-godt-i-gang/modul-3-laereplanforstaelse-0>

<sup>3</sup> <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/stotte/planleggingsverktoy-i-lareplanvisning/>


<sup>4</sup> Kjelde bilete: <https://www.uv.uio.no/forskning/satsinger/fiks/om/aktuelt/arrangementer/2021/profesjonsfellesskapet---en-motor-for-faglig-utvik.html>

## Utviklingsområde 2024-20235

Følgjande skal vera utviklingsområde i 2024-2025:

*Bore skule skal implementere PALS- modellen.*

PALS ( Positiv åtferd, støttande læringsmiljø) er ein skuleomfattande innsatsmodell, som består av systematiske og effektive førebyggingstiltak som rettar positiv merksemd mot alle elevane på skulen. Alle tilsette legg vekt på positiv involvering og oppmuntring, og dei gjer føreseielege reaksjonar på negativ åtferd. Tiltaka bidreg til å redusere talet elevar med åtferdsproblem og fremjar god sosial og skulefagleg læring.<sup>5</sup>



<sup>5</sup> <https://www.nubu.no/hva-er-pals/category1129.html>

## Mål og tiltak 2024-2025

Utviklingsområde:			
<b>Bore skule skal implementere PALS- modellen.</b>			
Hovudmål:			
Betre læringsmiljø og trivsel for elevar og tilsette- felles verdjar og normer.			
Resultatmål (må vera realistiske, oppnåelege og moglege å måle)	Tiltak	Kven	Evaluering/ milepæl
Etablere verdjar i skulen, som skal vera trygge og tydelege rammer for elevar og tilsette	<ul style="list-style-type: none"><li>• starte med å implementere PALS på eigen skule, og koordinere og drive utviklingsarbeidet i tråd med tiltaksmodellen sine prinsipp.</li><li>• Tilsette skal få opplæring, rettleiing og oppfølging</li><li>• Elevane vil gjennom implementering av PALS ha medverknad, og høve til å kome med innspel.</li><li>• I lærande profesjonsfellesskap skal ein auke dei tilsette sin kompetanse gjennom å utvikle skulen som ein lærande organisasjon.</li></ul>	PALS- teamet  PALS- rettleiar og PALS- teamet, elevråd og alle tilsette  alle	<b><u>Elevundersøkinga;</u></b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Det er god arbeidsro i timane</li><li>- Er elevane med på å lage reglar for korleis dei skal ha det i klassen?</li><li>- I klassen min syns me det er viktig å jobbe godt med skulearbeidet</li></ul>

<p>Ein skal sikre mindre bråk og uro- og meir tid til læring.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennom lærande profesjonsfelleskap skal ein gje grunnleggjande opplæring i universelle forebyggjande tiltak som kjem alle elevar til gode.</li> <li>• Gjennom lærande profesjonsfelleskap skal ein delta i opplæring i individuelle tiltak for dei elevane som treng ekstra sosial eller skulefagleg opplæring og støtte.</li> </ul>	<p>Alle</p>	<p><u>Elevundersøkinga:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Trivest du på skulen?</li> <li>- Har du nokon medelevar å vera saman med i friminutta?</li> </ul>
<p>Ein skal arbeide for betre læringslyst og motivasjon for læring</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein skal arbeide med utgangspunkt i det autoritative perspektivet, med fokus på tydeleg og trygg vaksen, kor tilsette har ansvar for elev- vaksen- relasjonen, og elev- elev- relasjonane, og startar skuleåret med høgt fokus på å danne godt grunnlag for gode relasjonar.</li> </ul>	<p>Alle</p>	
<p>Ein skal auke kompetanse og ønskje om å meistre hjå dei tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein skal arbeide med og utvikle strategiar for korleis ein skal handtere og respondere på utfordrande åtferd.</li> <li>• Ein skal trene på å anerkjenne og oppmuntre elevane «<i>me vatnar det me vil ha meir av</i>» og «<i>Catch them being good</i>»</li> </ul>	<p>Alle</p>	

<p>Ein skal betre samarbeidet mellom skule og heim.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personalet trener gjennom til dømes rollespel, case-øving, observasjon, modellering og feedback.</li> <li>• Tilsette går foran som gode rollemodellar når det gjeld t.d. å helse, fint språk, kroppsspråk mm..</li> <li>• Tilsette trener på å predikere; korleis trur eg elevane vil reagere?</li> <li>• Skulen har ansvar for samarbeidet, kor både skule og heim skal bidra til godt samarbeid for den enkelte og fellesskapet</li> <li>• Avklare kva forventingar skal ein kunne ha til kvarandre</li> </ul>	<p>Alle</p> <p>Alle</p> <p>Alle</p> <p>Alle</p> <p>Alle</p>	
---	---	---	--

Utviklingsområde:

Bore skule skal arbeide for ei vidare felles forståing av kva som ligg i omgrepet Oracy, og korleis ein gjennom Oracy skal hjelpe elevane til å;

- Nytte det munnlege språket effektivt for å lære i alle fag
- Lære gjennom å snakke, og lære å snakke



Hovudmål:

Betre elevane si faglege og sosiale læring gjennom munnleg utdanning av høg kvalitet, slik at elevane lærer gjennom samtale og å konversere. Dette skjer når dei utviklar og fordjupar sin fagkunnskap og forståing gjennom samtalar i klasserommet, som er planlagt, designa, modellert, strukturert og tilrettelagt for å mogleggjere læring av ferdigheitene som er naudsynte for å snakke effektivt.

Resultatmål (må vera realistiske, oppnåelege og moglege å måle)	Tiltak	Kven	Evaluering/ milepæl
Oppnå progresjon i fag gjennom munnlege ferdigheiter	<ul style="list-style-type: none"><li>• Planleggje for, modellere, strukturere og leggje til rette for høg deltaking i dialogar</li><li>• Oppmode, og trene i lag med elevane, på korleis dei kan utdjupe tankane sine.</li><li>• Oppmode til, og trene på å få seie om dei er samde eller usamde med eleven som fekk svare, og argumentere for eiga mening.</li></ul>	Språkkontakt og alle Alle Alle	


<p>Arbeide for eit <b>dialogisk</b> mønster, framfor eit <b>tradisjonelt</b> mønster i den vaksne si planlegging og gjennomføring av undervisning.</p> <p>Innarbeide «Standardar for lærarar»</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Organisere gruppearbeid der alle kan delta, og kor ein oppnår høg kvalitet på både samarbeidet, prosessen og resultat. Lærar skal planleggje, designe, modellere, strukturere og leggje til rette for slikt gruppearbeid.</li> <li>• Eit klasserom som er ope for elevar sine tankar og idèar</li> <li>• Lærar evaluerer ikkje svara til elevane, men spelar vidare på dei</li> <li>• Samtalen går mellom fleire elevar og lærarar</li> <li>• Bruke CLAE sin ferdigheiter for å utvikle kritisk tenking i arbeidet med Oracy og dialogiske mønster</li> <li>• Ta i bruk ulike dialogisk tenking- strategiar</li> <li>• Leiar av lærande møte modellerer gjennom bruk av strategiar for dialogisk tenking, samtaleverktøy og samarbeidslæring</li> <li>• I to periodar gjennom året skal lærarane arbeide med å vidareutvikle si eiga undervisning innafor Oracy, og blant anna i tråd med dei 5 <b>Standardane for lærarar</b>.</li> </ul>	<p>Alle</p>	<p>Selvevalueringsverktøy s 23-24 i «Standardene for muntlige ferdigheter-Voice 21»</p>
---	---	-------------	---

**Tradisjonelt mønster av "lærerprat"**

- Lærar stiller spørsmål.
- Elevane svarar og lærar evaluerer svaret.
- Moglegheita for elevane til å utforska tankar og idèar blir dermed avstengde.
- Elevane trur læraren er ute etter eit spesielt svar, og mange ungar derfor å seia noko.

**Dialogisk mønster**

- Eit klasserom som er ope for elevars tankar og idèar.
- Lære evaluerer ikkje svara til elevane, men spelar vidare på dei
- Samtalen går mellom fleire elevar og lærar.

<p>Starte arbeidet med å implementere The Oracy Framework for eige alderstrinn.</p> <p>Starte utprøving med «Talk tactics»- roller for å strukturere gruppesamtalar i Oracy</p> <p>Prøve ut ulike gruppesamansetningar, og formål med kor tid ein arbeider i ulike samansetningar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ta i bruk rammeverket for å forstå de fysiske, språklege, kognitive og sosial- og emosjonelle ferdigheitene knytt til munnlege ferdigheiter.</li> <li>• Sikre forståing i personalet for at ei utdanning i munnlege ferdigheiter er ansvaret til kvar enkelt lærar, for å sikre rettane til kvar enkelt elev.</li> <li>• Bevisstgjer både seg sjølv som lærar, og elevane, på ulike roller ein kan inneha i munnleg/ dialogisk undervisning</li> <li>• Organisere eigen klasse i ulike grupperingar, då ulike gruppering støttar ulike type munnlegheit.</li> </ul>	 <p><b>Groupings</b> Different groupings support different types of talk.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><b>Pair</b>: Talk to a partner.</li> <li><b>Trios</b>: Talk with two other people. Alternatively, talk to a partner while a third person listens in and summarises or critiques the discussion. Or two people talk and the third listens in to summarise and critique the discussion.</li> <li><b>Circle</b>: Groups of six or more people face each other in a circle. You can step inside the circle, one at a time, to speak to the whole group.</li> <li><b>Traverse</b>: Stand in two parallel lines opposite a partner. Change partners by moving one person down to the other end of the line.</li> <li><b>Fishbowl</b>: Similar to an onion, but the people in the inner circle face each other while the people on the outer circle observe the inner circle's discussion.</li> <li><b>Onion</b>: Form an inner circle and an outer circle. If you're in the inner circle stand back to back, facing a partner on the outer circle. Speak to a new partner by rotating the inner or outer circle.</li> <li><b>Nest</b>: Stand apart from each other and whisper your ideas to yourself.</li> </ul>
---	--	--

Implementering av både PALS og Oracy vil gå over fleire år.